



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700

Dato: 14:08.2018
Vår ref.: 2014/11889-47
Saksbehandlar: sigbjør
Dykkar ref.:

Att. Helene Lyssand

Trekking av motsegn til reguleringsplan for Dikkedokken - gnr 165 bnr 555 m.fl., Bergenhus- Bergen kommune

Vi viser til dykkar e-post datert 31.07.2018 med revidert plankart og føresegner for planforslaget for Dikkedokken gnr.165 bnr.555 mfl, der de ber om at motsegn vert trekt. Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til planforslaget gjennom vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling, 16.3.2016.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling, meiner at privat forslag til reguleringsplan for Dikkedokken er i strid med mål i Regional plan for attraktive senter, då det ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til stadens historie, særpreg og landskapstrekk.

Planforslaget må endrast slik at Dikkedokken vert styrkt som kulturminne og byrom. Byggehøgder og siktliner må justerast for å styrke lesbarheit og oppleving av kulturmiljøet og sikre betre tilpassing til nasjonale og regionale kulturminneinteresser.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegn kan trekkjast må planforslaget omarbeidas ut i frå følgjande:

I. Utnyttingsgraden må reduserast vesentleg, og det må dokumenterast at utbygginga bidreg til å styrke oppleving av det kulturhistoriske landskapet og ikkje skapar stor negativ konsekvens for kulturmiljøet.

II. Høgde mot gata, Georgenes Verft, bør i hovudsak ikkje vere høgare enn 3 etasjar.

III. Ny pir (SAA) i forlenging av dokken, må takast ut av planforslaget av omsyn til lesbarheit av det tekniske kulturminne.

Vurdering

I brev datert 05.10.2017 hadde vi konkrete innspel til endringar i føresegnene som måtte gjerast før motsegn kunne trekkjast. Etter dette har vi og vore i dialog med Bergen kommune og forslagstillar om ordlyd, men også til forslag til endringar i plankartet som har kome opp i etterkant av vårt brev. Vi vurderer at omarbeidinga av reguleringsplanen sikrar at volumoppbygging og byggehøgder ikkje lenger vil ha stor negativ verknad for kulturmiljøet og oppleving av kulturminna. Dette gjeld mellom anna Bergen Verft, Fredriksbergs festning, trehusmiljøet på Nordnes syd og Dikkedokken.

Når det gjeld Dokkehuset ber vi om at det vert gjort ein mindre endring i føresegnene for å sikre at bygget ikkje vert rive. Endring er vist med raudt.

5.5.1 Bygningen skal bevares *og tillates ikke revet*....

5.6 Boligbebyggelse – frittliggende småhus

Felt BFS er eksisterende enebolig. Bygningen skal bevares og tillates ikke revet... . Det er ikke tillatt med ytterligere bebyggelse innenfor feltet. Ved restaurering og/eller reparasjon skal eksisterende/opprinnelige materialer og elementer som vinduer, dører m.m. bevares i sin sammenheng. Det opprinnelige uttrykket med hensyn til utforming, materialbruk, farger og utførelse skal bevares.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune er tilfreds med endringene som er gjort i plankartet datert 04.07.2018 og ber om at føresegn datert 05.07.2018 får presisering med *-tillates ikke revet* i pkt. 5.5.1 og 5.6. Med denne endringa vurderer vi at motsegn datert 16.03.2016 kan trekkjast.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar Kultur og idrettsavdelinga v / fylkeskonservator: Endre Sten Nilsen og Øystein Skår